



**Klokka 08.30:** Kim-Frode vert ynskt velkomen til skulen av rektor Ole Bosnes. Bak står dei stolte foreldra, Lillian og Rune Moldestad.

## Klokka er åtte måndag morgon i Djupedalen i Selje. Seksåringen Kim-Frode Moldestad er på veg til sin første skuledag.



Håvar Fagerli  
havar.fagerli@fjt.no  
telefon 94279790

Sola har så vidt stått opp, men Kim-Frode Moldestad har alleie vore vaken lenge.

– I dag skal eg på skulen, smiler Kim-Frode med eit tannlaust smil. – Eg har tenkt på at eg skal på skulen i heile natt. Eg har hatt så vondt i magen, seier han på veg ned trappa og bort til bilen.

Pappa Rune Moldestad fortel om ei natt med fleire do-besøk. – Kim-Frode hadde låkt i magen i går og i natt, og han var på do fleire gongar, men det var nok berre sommarfuglane som herja, seier pappaen.

### Skulestart

Lillian og Rune

Moldestad sender no den siste av dei fire ungane sine på skule. Kim-Frode er yngstemann, og han får selskap på Selje skule av Anne-Lovise i fjerde klasse og Kai-Sindre i 10. klasse. Gleda over at sommarferien er over avtek tydelegvis med alderen, men dei to storesyskena ser likevel fram til å treffe kameratane igjen.

– Eg har pakka med meg gymbagen. Om det ikkje blir i dag, får eg nok bruk for han snart, seier Kai-Sindre, og gjev tydeleg uttrykk for kva fag han likar best på skulen.

Eldstemann i syskenflokket har òg ein merkedag i dag.

– Den eldste guten vår, John-André har i dag sin første dag som lærling på ei elektrobedrift i Florø. Han var spent han òg. Det er ein stor dag for heile familien, og litt spesielt at yngstemann no er skulegut, seier Lillian Moldestad.

Kim-Frode har vore klar lenge, og vil ned til skulen så fort som mogleg. Dei større skuleborna i familien har litt betre tid, men til slutt rullar bilen ned frå Djupedalen. I bilen sit to stolte forel-

dre med tre av skuleungane sine.

### Velkomen

Det er trygt å halde mamma i handa når ein går inn i den store skulebygningen i Selje. Inne står fleire som er ute i same ærend. Langs veggen står spente mødrer, fedre og førsteklasingar. Jentene har pynta seg og gutane har endeleg fått lov til å gå i den tøffe buksa.

– Velkomen til oss. Er de spente no, spør rektor Ole Bosnes.

Borna smiler, og kjenner nok både sommarfuglar og elefantar i magen, når rektor opnar døra til gymsalen.

Kim-Frode slepp handa til mamma og går inn i det store

Foreldre ligg på kne og står på kvarandre for å få det beste biletet av dei unge håpefulle. Ein viktig dag for både førsteklasingar og foreldre har starta for alvor.

### Brumle

Kontaktlærer Atle Solheim tek med seg dei 17 førsteklasingane til klasserommet. Førsteklasingane har fått på seg sekene. Det gjeld å ha flest reimar på sekken. Kim-Frode prøvar å montere både magereim og brystreim.

– Det er ein skikkeleg sekk med veldig bra slike snorer, seier Kim-Frode.

I klasserommet har kontaktlærer Atle pynta med blomar og flagg. Alle har fått kvar sin plass til sekk og seg sjølv. På bordet står fine namneskilt. Nokon greier å finne namnet sitt sjølv, og set seg ned. Både førsteklasing-

# Kim-Frode sin første skuledag

rommet som seinare skal romme 250 menneske. Han helsar fint på rektor, og finn plass heilt framme.

– No har eg helst på sjefen over alle sjefar, seier Kim-Frode, og forklarar at han som helste på han er sjef over alle lærarane.

Rektor Ole Bosnes ynskjer alle nye på skulen spesielt velkomne. Det er ikkje berre førsteklasingane som er ekstra spente den første skuledagen. Frå Flatraket skule kjem sju elevar som skal byrje på ungdomsskulen i Selje. Ein elev i tiande klasse er ny på skulen, og fleire nye vaksne skal ha arbeidet sitt på Selje skule.

Bosnes fortel at 60.000 førsteklasingar startar på skulen i desse dagar. 17 av desse skal byrje på Selje skule. No kjem det som kanskje har laga mest spenning i magane til førsteklasingane. Rektor les opp namnet, og så må ein sleppe handa til mamma og pappa og gå fram i salen. 250 menneske kikar på ein. Det er skummelt, men Kim-Frode og resten av skuledebutantane kjem godt ifrå det. Alle i salen klappar. Nokon av dei største elevane plystrar og jublar.

ane og lærarane finn namna sine på tavla. Men eit namn står att. Ingen veit kven og kvar Brumle er. Atle leitar overalt og finn til slutt ein bamse. Lærarane snakkar med Brumle, som fortel at han òg skal vere førsteklasing.

– Eg trur ikkje han Brumle pratar på skikkeleg, men at det var læraren som prata, seier Kim-Frode overtydande til medelevarane i friminuttet.

### Takk for i dag

Tida går fort. Klokka er 14.10 og det er tid for å gå heim etter den første skuledagen.

– No er vi ferdig med den første skuledagen, og i morgon er det den andre skuledagen dykkar, seier Atle Solheim.

Ein kan tydeleg sjå at førsteklasingane allereie gler seg til neste dag før dei er komne ut døra.

– Det har vore ein veldig kjekk dag. Eg har fått ei skrivebok og vi har lært bokstaven A. Men eg har heldigvis ikkje fått nokre lekser. Det er ganske travelt har eg høyr, seier Kim-Frode, og går heim etter sin første skuledag.



**Samla:**  
Elevane ved Hauge skule var samla til skulestart i ballbingen.

**MARKISER PERSIENNER**  
**Vedlikeholdsfrie VINDUSSPROSSER**  
med **30 års garanti**

Ring Bjørn  
952 56 348

RING GRATIS  
**800 80 488**

**Fasade**  
PRODUKTER